



Askvoll kommune
Postboks 174
6988 ASKVOLL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Askvoll kommune - budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023

Askvoll kommunestyre har i møte 11.12.2019, sak 095/19, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering, med ettersending av oppdaterte og fullstendige økonomiske oversikter i mai måned.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettet med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følge opp.

Som følge av koronautbrotet kan kommunane få utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følge konsekvensane av koronautbrotet særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering:

Askvoll kommune leverer gode tenester til innbyggjarane sine i dag. Nedgang i folketal og auke i langsiktig gjeld i perioden kan føre til at det blir mindre att til overføring til dei ulike tenestene.

Kommunen budsjetterer med negative netto driftsresultat i 2021 og 2023 som skal dekkast inn med fondsmidlar, etter utbetalingar frå Havbruksfondet. Fylkesmannen oppmodar kommunestyret om å legge opp til ei målsetjing om eit netto driftsresultat som over tid ligg fast, og som gir ei meir føreseieleg økonomistyring.

Arbeid med finansielle måltal og handlingsreglar blir eit viktig grunnlag for styring mot ein berekraftig økonomi for Askvoll framover.

Kommunelov med forskrift for økonomiforvaltninga

Vi viser til vårt brev av 07.11.2019 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. I brevet er det omtalt at budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 skal vere



utarbeidd, vedteke og oppsett etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift for økonomiforvaltninga. I forskrifta for økonomiplan og årsbudsjett er det m.a. krav om følgjande nye økonomiske oversikter:

- løyvingsoversikter drift etter forskrifta § 5-4
- løyvingsoversikter investeringar etter forskrifta § 5-5
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifta § 5-6
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifta § 5-7.

Etter oppfølging av Fylkesmannen har kommunen no oppdaterte økonomiske oversikter etter kommunestyrevedtaket og lov og forskrift, sjølv om lovgrunnlaget det blir vist til i innleiinga av budsjettdokumenta er feil, og etter gammal lov.

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har gjennom budsjettdokumenta slutta seg til følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Netto driftsresultat: her står at resultatet vil variere på grunn av varierende storleik på utbetalingane frå Havbruksfondet.
- Disposisjonsfond skal ha ein størrelse på mellom 10 – 15 prosent av driftsinntekter.
- Renteberande langsiktig gjeld er berekna til om lag 63 prosent i netto renteeksponert gjeld i 2023, og at gjelda etter dette vil flate ut.

Budsjett 2020

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 0,8 mill. kroner, som utgjør 0,3 prosent av driftsinntektene. Etter førebelse Kostra-tal for 2019 utgjør netto driftsresultat minus 0,2 prosent som tilsvarar om lag minus 0,5 mill. kroner. Teknisk berekningsutval (TBU) meiner at eit netto driftsresultat bør vere om lag på 1,75 prosent av brutto inntekter. Vi rår til at kommunen set seg eit mål om at netto driftsresultat bør ligge på dette nivået, over tid.

Disposisjonsfond utgjør 34,2 mill. kroner i 2019, noko som tilsvarar 10,6 prosent av brutto inntekter, og ligg over det anbefalte nivået frå TBU.

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert etter prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet, og kommunen har hatt høge inntekter frå Havbruksfondet dei siste åra.

Det er budsjettert med investeringar i anleggsmidlar for om lag 61 mill. kroner, og av dette skal om lag 44,3 mill. kroner finansiert med nye låneopptak, sett bort frå investeringar til VAR. Etter Kostra-tal for 2019 har kommunen om lag 278 mill. kroner i brutto langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar), noko som utgjør om lag 86 prosent av brutto driftsinntekter. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo) er 110 prosent.

Økonomiplan 2020 – 2023

Det er i perioden 2021 – 2023 budsjettert med netto driftsresultat på – 7 mill. i 2021, om lag 0 i 2022 og – 8,5 mill. kroner i 2023. Dette utgjør mellom – 2,3 prosent til – 2,8 prosent av brutto driftsinntekter. For å balansere budsjettet er det lagt opp til å bruke om lag 15,5 mill. kroner av disposisjonsfond i heile perioden.

Skatteinntekter og rammetilskot er vidareført på nivå med 2020. Det er budsjettert med 9 mill. kroner i inntekt frå Havbruksfondet i 2020 og 2022 og 1,5 mill. kroner i 2021 og 2023. Dei



budsjetterte rammene til sektorområda er om lag dei same i perioden, sett bort frå noko reduserte overføringar til oppvekst i slutten av perioden.

For perioden 2021 – 2023 planlegg kommunen investeringar i anleggsmidlar for om lag 152 mill. kroner, av dette skal 112 mill. kroner finansierast med nye låneopptak. Dei største investeringane er innanfor barnehage, aktivitetssenter, og omsorgsbustader. Ved utgangen av perioden er det budsjettert med ei langsiktig gjeld på om lag 393 mill. kroner, noko som vil utgjere 129 prosent av brutto inntekter. Vi minner i denne forbindelse om ny kommunelov og ny utrekning for minimumsavdrag.

Fylkesmannens vurderingar

Økonomiplanen skal gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Han skal og syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Fylkesmannen vil påpeike at det først og fremst er kommunestyret som gjennom sitt vedtak har ansvar for at budsjett og økonomiplan oppfyller kravet om realisme etter kommunelova. I dette ligg det òg at kommunen følgjer eit forsiktighetsprinsipp i budsjettering av inntekter, og ikkje budsjetterer desse for høgt. Særleg gjeld dette inntekter som kan vurderast som usikre, t.d. der det ikkje ligg føre ekstern dokumentasjon når dei blir vedtekne i budsjett og økonomiplan.

Fylkesmannen meiner at Askvoll er i god posisjon til å levere gode tenester til innbyggjarane med tanke på dei frie inntektene, slik vi kjenner dei i dag. Frie inntekter per innbyggjar utgjorde 69 479 kroner for Askvoll i 2019, medan summen for landet utgjorde 57 297 kroner.

Folketalet har gått noko ned i kommunen dei siste åra, og nedgangen er størst i dei yngre årsklassane. På kommunal- og moderniseringsdepartementet sine sider om tenestebehov framover, ser vi at behovet for årsverk er størst innanfor institusjon- og heimetenester, og ein nedgang innanfor barnehage og grunnskule.

I fagdelen finn vi god orientering om dei ulike tenesteområda. Moderate låneopptak og arbeid med finansielle måltal og handlingsreglar blir eit viktig grunnlag for styring mot ein berekraftig økonomi for Askvoll kommune framover.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent